

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

**Vår dato:** 10.01.2023

**Vår ref.:** 202217261-2 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **Høyring av melding om konsesjonsplikt Hazel Hill Farm kraftverk i Vik kommune, Vestland**

NVE har motteke melding frå Liv Gilpin på vegne av Hazel Hill Farm , datert 14.09.2022, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Hazel Hill Farm kraftverk på Gnr. 148, bnr. 1 i Vik kommune. Kopi av meldinga er lagt ved.

Meldinga skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket kan føre til skader og ulemper av eit slikt omfang for allmenne interesser, at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

### **Kva gjer du dersom du ønskjer å uttale deg?**

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk til [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no). Merk e-posten med «Høyringsuttale» og saksnummer 202217261 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd.

Frist for innsending:

**23.02.2023.**

I tillegg kan du sende uttalar per post til NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo. Uttalar, eller delar av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak.

### **Informasjon til høyringspartane**

Vi ber kommune informere om kjende allmenne interesser kan bli påverka av tiltaket, og eventuelle andre faktiske forhold som kan vere av betydning. Eksempel på allmenne interesser kan vere friluftsliv, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak og andre aktivitetar i vassdraget osv. Vi ser det som ein fordel om kommunen hentar inn informasjon frå vassområdekoordinator eller andre som har god kjennskap til aktivitetar og status i vassdraget.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommune om å vurdere om kjende allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg om å vurdere tiltaket opp mot sine sektorlover.



Vi ber høyringspartane om å vurdere kunnskapsgrunnlaget i forhold til naturmangfaldlova § 8.

NVE vil prøve å koordinere ei eventuell synfaring av området med Statsforvaltaren. Vi vil orientere kommunen og fylkeskommunen om tidspunkt for synfaringa, slik at dei kan delta om dei ønskjer det.

### **Omtale av tiltaket**

Minikraftverket er planlagt i Storelvi i Vik kommune. Inntaket er planlagt på kote 94, nedstraums avløpet til Joka Kraftverk, og vil danne eit magasin på ca. 60 m<sup>3</sup>. Derifrå vil vatnet gå i eit 300 m langt nedgrave røyr. Kraftstasjonen er planlagt på kote 80 og vil vere eit bygg på ca. 20 m<sup>2</sup>. Alminneleg lågvassføring er sett til 115,7 l/s og minstevassføring er planlagt å vere 120 l/s. Det er ikkje bestemt kva type turbin ein vil ta i bruk og difor er ikkje maksimal effekt opplyst i meldinga. Årleg middelproduksjon vil vere ca. 0,08 GWh og kraftverket skal gje straum til eigen husholding og drift av gardsbruk. Overskotskraft vil bli selt ut på kraftnettet.

Med helsing

Gry Berg  
seksjonssjef

Thomas Haugland  
seniorrådgjevar

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

### **Vedlegg:**

- Meldingsskjema for vurdering av konsesjonsplikt,
- Søknad Hazel Hill Farm kraftverk konsesjonspliktavurdering
- Oversiktskart og skjema for klassifisering av dam og trykkrør
- NEVINA rapport

### **Mottakarliste:**

VIK KOMMUNE  
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK  
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

### **Kopimottakarliste:**

HAZEL HILL FARM LIV HATLELI GILPIN